

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Bryne

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: V. Slidre.

Emne: Bryne.

Bygdelag: Øyebygden.

Oppskr. av: G. Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

Jomfrubraatvn. 25,

(adresse): Bekkelagshøgda.

G.nr. 66-67 Br.nr. 2-3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eigen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Bryne var det vanlege namn. For det alle meste sa dei kvæta (med æ-lyd), men ein og annan kunne også seia at han "brynte ljaaen". - Det vart lagt stor brett på aa faa tak i gode ljaabryno til aa kveta ljaadn med. Det maatte ikkje vera for laust eller for hardt og passe grovt i tøte. Bryno med ein del langaktige (3-4 m/m)brune prikka i steinen var dei beste ljaabryno, sa far. (Det var prikkar-ikkje eislar som ofte er i slipesteinane). - Dei bryno som var grovast i steinen tok mest, men gjorde ikkje beste egg. Dei vart helst brukt til aa kveta skjøro og meiarljaaen med. På aakeren var det gjerne mykje stein, og det var fort aa "skjemme ut" og det kunne bli mange og store skar. - Det var karane som var best til aa kveta. Naar gjente og gut skar på kvar sitt maal (skurd) ved sida av kvarandre so hende det nok ofte at gjenta kom nokso blid med skjørn sine for aa faa guten til aa kveta henne, endaa det var ikkje so vandt aa kveta ei skjøro som ein ljaa. Det var reint ei liti kunst og kveta godt ein ljaa. Naar ljaaen var nyslipt maatte ein berre stryke roe taa hono med bryne. Hadde ein steinhogge styggt so maatte ein vera god til aa kveta og ha godt bryne skulde det hjelpe. Var det mykje lausstein i slaatten so gjekk det verst ut over

skaarebugen paa ljaaen. Her kunne det bli mange og store skar. Det var ikkje bra aa kveta eller slipe heilt inn etter desse skaro; for daa vart det fort "aat i ljaaen" (ei inn-skjering). Daa vart ljaaen her endaa meir utsatt.

Den stunde dei gjekk millom dei kvarde ljaaen kalla dei "ei kvate". Dei tala um aa gaa lange og stutte kvato.

Var det hardbeit slaatt vart kvatudn ikkje so lange. Der det var fin slaatt, lite stein og god ljaadøgg kunne ein gaa lange kvato. - Det var ei herme etter ein halling som var i Valdres og slo. Han tykte dei gjekk for lange kvato og sa: "Voro dø der burte hjaa oss so nabbu turte gaa so lange kvatu". (Nabbe og jabbe var ei finare form for bannning. I Hallingdal sa dei "nabbu" og "jabbu" og "kvetu". Desse ord er burtlagt no.

Rett fine bryno brukte dei til rakkniva, skjera, sauessaakse og liknande. Kvinnfolke brukte ofte ein flaskehals til aa kvesse skjerane paa. Dei held paa fram og attende med eggjen paa skjera som dei vilde klykke av halsen.

2) Enno trur eg det brukast mest naturstein til bryner, men det er delvis kome i bruk av kunstig stein. Bryno kom for det meste utanfraa. For ei tid sidan var det og brukt ein del skifersteinbryner som dei fann i bygden og i skiferbrot burtover mot GrønsendKnippa. Eg har ikkje høyrt um nokon som laga og selde bryner i bygden.

3) Dei fleste eggijarn (ut. eggijødn) vart fyrst slipt paa rund slipestein og sidan kvatt med bryne. Skulde dei ha rett fin egg so gjekk dei ofte dit og slipte som hadde ein finare stein. Men desse finkorna steinane var seine. Dei som hadde berre ein slik fin stein gjekk ofte til grannen sinn naar det skulde slipast upp nye ljaa um han hadde ein grovare stein.

4) Eg har høyrt um tynsleljaer, men veit ikkje kor lenge det er sidan dei var brukt. (Ein som var i Millom-Europa

under siste krig fortalte at der brukte dei endaa aa banke ut ljaaen paa ambolten istaden for aa slipe.

5. Eg kjenner ikkje til sennebryne fraa mi heimbygd, men har sett det mange andre stader. Slipestein stod alltid ved huset.

6. Det var vanleg aa gaa ei økt millom kvar gong dei slipte, men det hadde mykje aa seia korleis ljaaen (var) og (korleis) slaatten var og um det var mykje stein. Det kunne nok løne seg aa slipe i økten. Elles hadde dei ofte med seg ein ut paa jorde slipt lausljaas so dei kunne sprette um den som var skjemd og innatt den slipte. Eller dei kunne ha med to ørv med ljaa i.

7. Til ljaa vart brukt berre bryner. Men eg veit at naar dei hadde slipt skjeisor brukte dei aa fara over dei etterpaa med ein beinlegg; men det var vel for aa gjera dei haale med ein gong. Eit hardt trestykke vart ofte brukt til attaka burt roe paa finare eggjarn og sidan kveta forsiktig.

8.- Det var so ymse. Men dei fleste tykte nok dei slipte best naar det spretta ljaaen or ørvet naar dei slifte.

(slipe, slipe, slifte, slift). - Naar dei slipte held dei alltid ljaaen med eggjen mot seg. Og den som drog steinen maatte dra slik at steinen gjekk mot eggjen. Det maatte ikkje bli mykje ro paa ljaaen naar dei slipte. Best var det um den berre var "aatslipt", men det var ikkje so godt aa greie det anna det vart lite ro, men daa burde ein ikkje slipe lenger. Roen kjende ein best med fingertuppen (langfingeren) naar ein drog den varsamt oppover langs eggjen paa ljaaen medan ein samtidig saag etter um det endaa var att nokon stad ljaaen var kvit i eggjen. Daa var den ikkje "aat" (aatslipt). Dette var noko anna enn naar dei sa det kom "aat" i ljaaen som helst vilde bli i skaarebugen. (bøygen paa ljaaen) Dette var ei innskjerings i eggjen som kom fram naar ein slipte ut fleire og store skard. Kom det fyrst aat i ljaaen so vilde dette bli meir og meir.

4.

Med aa slipe "aat" ein ljaa, so sliper ein den skjemde
 egg i saman so ho blir skarp. Difor sa dei ofte naar dei
 slipte ljaa: "At han (ljaaen) er daa attisaman kom
 noko. - Ein slipte oversida paa ljaaen fyrst. (Den sida
 som bakken er paa). So tok ein undersida og so eit lint drag
 paa oversida til slutt for aa faa burt roe. Var ^jljaaen
 mykje skjemt maatte ein snu ljaaen fleire gonger tild den
 vart. aatslipt.

Nyslipt ljaa kunne spaa ver. Rusta den lett so kom det
 regn snart. Det var eit sikkert merke, sa dei. Og eg trur det
 var noko i det. Det kom vel av fuktigheten i luften.

9. Naar dei kvatte ljaaen sette dei ørvet lite ned i jorde
 so det skulde staa støtt. Glatt det burt over kunne ein
 skjera seg stygt. So la ein vinstre underarm over enden
 paa ørvet der ljaaen sit og tok til aa kveta innarst ved
 ørvet fyrst, og held paa utover til odden. Ein kvatte paa
 baae sidor etter som ein gjekk framover. Og til slutt tok
 ein nokre friske lange drag med brynet fraa odden og innover.
 Alle kvatte ikkje likt. - Hadde ein skjemt mykje og hadde
 brei ljaa so la dei ned ørvet med ljaaen upp i veret.
 Tok eit godt tak med vinstre handi over bakken paa ljaaen
 framved odden og raspa hardt med bryne. Paa dem maaten fekk
 ein betre tak til aa kveta. Det var ikkje alle som brukte
 denne maaten. Men sjølv har eg brukt det.

10. Brynebutt, men ogso kalla brynestrunk. Den var laga av eit
 heilt trestykke som var utbora eit langt hol til aa seta
 bryne ned i. Paa sida var det tillaga ein jarnkrog so ein
 kunne henge den paa seg. Brynebuttanne kunne vera vel føre
 seg gjorde. Og eg saag brynebuttar med aarstal paa som var
 over 100 aar gamle. Dei la gjerne ein liten stein i botnen
 so ikkje bryne skulde gnaga hol i botnen.

11. Eg har ikkje sett at okse eller kuhorn har vore brukt som
 brynebutt.

- 12) Brynebutten hekk for det meste midt bakpaa bakenden i ei livreim eller snor. Men det var og dei som hadde den paa eine sida og framanpaa. Men det var faa. Naar ein slo slang bryne inn paa kantane i brynebutten so det vart ein liten klakk for kvart hogg ein tok. " Det klakka jamt i brynebutte aat Øyegute idag", sa dei naar han ~~høge~~ paa lite meir fortare enn vanleg.
- Eit moro-oradtak gjekk i bygden: " Du faar passe deg du som har ~~gjekk~~ gjort falsk ei (ed) i ein brynebutt.
- 13) I brynebutten hadde dei vatn. Det var det som var det viktigaste ved den. Men ikkje alle brukte brynebutt. Daa bar dei bryne i lumma og sputte paa naar dei kvatte. Naar det var døgg i grase fukta ein bryne med aa slaa det fram og attende i graset. Naar det var døgg i graset heng det alltid paa ein del rusk av graset paa ljaaen. Dette maatte ein sope av for ein kunne kveta. Best var det aa taka ein liten grasdott i høgre handi og dra over ljaaen med - fraa ørvet og utover mot odden, daa fylgde alt rusket med. Eller ein kunne bruke berre handi. Men daa maatte ein dra klypa fyrst fraa ørvet og utover og attende fraa odden og innover paa baae sidor aat eggen. ~~Men~~ Da maatte ein vera varsam so ein ikkje skar seg. - Slo ein etter ein bekk eller var innved ein liten dam kunne ein berre seta ljaaen ned i vatnet so vart han rein og samtidig fekk ein vatn paa for kvétingen. - Paa finare bryno til rakkniva og elles fine eggjarn brukte dei olje.
- 14), 15), 16), 17)- Kjenner ikkje noko til. - Men dei bryno som var i ~~a~~ lausaste laget før vart endaa lausare ~~var~~ naar ein gjekk med dei i brynebutten lenge so dei var i vatn støtt. Difor tok dei ~~la~~ ut bryno um kvelden so dei turka.
- 18) Torer ikkje seia noko sikkert um dette.
- 19) Heller ikkje um dette.
- 20) Eit nokre regler um slaatt og kvéting har eg høyrt.

6. Dei fleste er fraa Vestsida i Røn, V. Slidre, og eg skriv
dei slik som eg har høyrt dei i mine smaa gut-daga:

Det hende mé ei skam i mine ungdomsdaga,

e skulde slaa ein teig i øvre Ulvishaga.

Med stikko o med stein var slaatten litt urein,

o daa e saag tebakers stod straae like bein.

Massingbust o sprettestørr

leita paa skrotten no so før.

E maa sputte o stri,

o kvéta so det svir,

o sveitin er sur i augo so bir.

Massingbust var eit klengenamn paa Finnskjegg. Sprettestørr vaks mykje der det var raatt. Ho var so lei og slaat opp att etter ljaaen hadde fare over henne. Derav namnet. I Blytts Flora heite ho Eriophorum alpinum. Andre har kalla henne Scirpus Hudsonianus, og Scirpus trichophorum. -- I Erik Viborgs systematiske plantenavne fra 1793 er Carex vesicaria kalla for Spratten som norsk planéhamn. -- Surt som bir, var eit vanleg ordtak i V. Slidre.

Hardt bryne o harde ljaa,

store vidde o lite paa,

Salta mat o inkji drikke, 6

baken lét so ei am pistre.

Ei fraa Vang, Valdres lydde so:

E sto o slo i Jøvnehaga,

e slo so e vart klen i maga.

E kvatte so det kvein,

men endaa sto straae like bein.

"Strunkeveko"

I gamal tid hadde dei noko dei kalla "STRUNKEVEKO". Det var veko like før slaatten. Daa gjekk mannfolke rundt hjaa kvarandre og ikkje gjorde noko. Det vart helst noko smaaturing. Dei skulde fyrebu seg gjera seg godt istand til dei harde onnene framover.

Det hende det vart gjort pelemento ved ljaaene til kvar andre so dei ikkje skulde bite. Noko av det verste dei kunne gjera var aa dra ein massingkamb etter eggan paa ljaaen. Det vart sidan uraad korkje faa slipt, eller kvatt egg att i den (etterpaa).